

## Ordførarløn på dagsorden

**SOGNDAL:** Under møtet i Fellesnemnda torsdag skal politisk reglement og reglement for godtgjersle for folkevalde for nye Sogndal opp. Ordførargodtgjersla er foreslegen til 889.197 kroner. Samla godtgjersle for ordførar er foreslege å vera 90 prosent av statsrådsløn. Varaordførarløna skal vera 50 prosent av 90 prosent av ordførargodtgjersla, heiter det i innstillinga. Medlemmene av formannskapet er foreslege å vera fire prosent av ordføraren si godtgjersle. Tilsvarande får leiarane av hovudutvala ei fast årleg godtgjersle som er ti prosent av ordførargodtgjersla.

## 12 fekk bot for å bruka mobil

**SOGNDAL:** Under ein trafikkontroll på riksveg 5 gjennom Sogndal sentrum tysdag kveld vart det skriva ut 12 forenkla førelegg for bruk av handhalden mobiltelefon under køyring, melder UP.

## Har fordelt minstevassføringa

**LEIKANGER:** NVE har fastsett fordelinga av minstevassføringa mellom dei tre inntaka i Henjaelvi etter kraftutbygginga. Slepp av minstevassføring, som samla vert på 132 l/s frå 1. oktober til 30. april, 254 l/s frå 1. til 31. mai og frå 16. august til 30. september, og 754 l/s frå 1. juni til 15. august, skal fordelast med 60 prosent på Friksdøla, 30 prosent på Slettabotna og 10 prosent på Traståna. Dette for å vareta dei tre sideelvane som landskapselement ved Nyastøl i Henjadalen. Det skal ikkje sleppast minstevassføring i Reisetå.

# - Tryggare på sjø og land i Sogn heretter

■ ■ RS167 døypt i går ■ ■ RS UNI Sognefjord har base i Leikanger

**LEIKANGER:** – Måtte hell og lukke følgja deg, seier gudmor Karen Reinholdtsen, og let flaska falle i perfekt boge mot lecasteinen som er montert på rekkja til RS UNI Sognefjord.

Det var folksamt og mykje stil då seremonien fann stad i Leikanger i går.

### - Tryggare på fjorden

Båten er av eit materiale det er fåfengt å knusa glas mot. Den nye redningsskøyta i Indre Sogn er bygd for å stå mot det meste. I går blei den splittet nye skuta døypt ved hotellkaien på Hermansverk.

– Det blir tryggare å ferdest på denne fjorden heretter, seier presidenten i Redningsselskapet, Nikolai Jarlsby, som rosar den nye RS-hamna i Leikanger og innsatsen lokalt. Han seier det er på høg tid at den lange fjorden er dekt på beredskapssida.

### Operative neste år

Gudmor Karen sit i styret for UNI-stiftinga, som har finansiert ein god slump av byggjekostnaden.

Dette er bygg nummer 8 UNI-stiftinga stør av skip i RS-flåten. Gudmora hadde denne rolla for første gongen. Ho nytta høvet til hylla den frivillige innsatsen som ligg under selskapet si verksemd. I Leikanger blømer denne, korpset er godt etablert og i full gang med å fylla rolla dei skal ha.

– Me er operative til somaren neste år, seier Arne Inge Synnevåg, leiar av Sjøredningskorpset i Sogn. No disponerer han og dei andre frivillige medlemene ein reiskap som er rundt i fjorden på ein blunk.

### - Ei storhending

Med meir enn 1100 hestekrefte går det unna. Farkosten gjer eit formidabelt inntrykk der han ligg ved flytekaia i Pilaviki. To frå korpset og to



**FEKK NAMNET SOGNEFJORD:** Gudmor Karen Reinholdtsen døypte den nye råttassen i båthamna for RS UNI Sognefjord, Arne Inge Synnevåg er sjefen for mannskapslaget.

frå verftet har ført båten frå Fredrikstad til Leikanger. Det var ei hard økt.

– Litt smårøft i periodar, seier Leif Bjørn Husabø, som var med.

– Dette er ei storhending for Leikanger, seier ordførar Jon Håkon Odd, som har hengt i stroppen for å få RS-hamna etablert. For innsatsen fekk han også ros i går.

### Storkunden helsa

Ein som er takksam for etableringa i Leikanger er hamnesjefen i Aurland, Jostein Lange Bergset.

– Ein stor dag for beredskapen i Sognefjorden, seier han,

og ser fram til å sjå RS UNI Sognefjord på Aurlandsfjorden.

Hamnesjefen i Aurland er redningsskøyta største «kunde». Innpå ein million sjøfarande er gjennom aurlands hamner årleg. Sistnemnde har vore raus med å stø tiltaket før. I går var det andre sin tur til å spe på den nye RS-hamna sitt driftsbudsjett. Bjarne Sjøthun delte ut 100.000 kroner til formålet på vegner av arbeidsgjevaren sin, Osland Havbruk. Samstundes la Sogn Sparebank att 10.000 kroner.

Terje Eggum  
terje.eggum@sognavis.no



**EIN GOD SLANT FRÅ HØYANGER:** Bjarne Sjøthun, her saman med Redningsselskapet sine folk, Geir Bie, i midten, og Ronny Pedersen, hadde med seg 100.000 kroner frå Osland Havbruk.

**HØSTKUPP NÅ!**  
Garasjeporter, Zip-screens  
Plissé enkel/dobbel  
Nova terrassemarkise

**-30%**

**kjells markiser**  
MARKISER PERSIENNER SCREEN INTERIØR

til 29.09.

**GRATIS befarings/tilbud: 95 300 800 - kjellsmarkiser.no**